




TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Ref. 200607592

Vår ref. 06/6530-8
A40 /SKIS

Dato 17.01.2007


HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I OPPLÆRINGSLOVEN OG FRISKOLELOVEN OM GRATIS LÆREMIDLER

Vi viser til brev av 17.11.2007.

Hovedutvalg for kompetanse behandlet saken i møte 15.01.2007, sak nr. 1/07. Kopi av saksprotokoll som viser hovedutvalgets vedtak i møtet følger vedlagt. Saksframlegget med vedlegg følger også vedlagt.

Vedtaket er tidligere meddelt over e-post.

Saken er ferdigbehandlet i Telemark fylkeskommune.


Sverre Skifjell
rådgiver - Strategi og planlegging
sverre.skifjell@t-fk.no

Vedlegg:

Saksprotokoll fra møte 15.01.2007, sak nr. 1/07 i hovedutvalg for kompetanse
Saksframlegg i sak nr. 1/07 med vedlegg for hovedutvalg for kompetanse



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

Saksprotokoll

Utval: Hovudutval for kompetanse
Møtedato: 15.01.2007
Sak nr: 1/07

Resultat: Innstilling vedtatt

Arkivsak: 06/6530

Tittel: FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OG
FRISKOLELOV OM GRATIS LÆREMIDLER - HØYRING

Vedtak i Hovudutval for kompetanse

- 1. Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at fylkeskommunen får ansvaret for å halde elevane med nødvendig trykte og digitale læremidlar.*
- 2. Telemark fylkeskommune føreset at meirutgifter med ordninga blir dekte av staten.*
- 3. Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å få fram kva gratis vidaregåande opplæring medfører av auka utgifter for fylkeskommunen ut over det som er sagt om gratis læremidlar.*

Behandlinga i Hovudutval for kompetanse

Fylkesrådmannens forslag til vedtak blei samrøystes vedteke



Sak nr. 1/07

**FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OG FRISKOLELOV
OM GRATIS LÆREMIDLER - HØYRING**

Arkivsaksnr.: 06/6530
Arkivkode: A40
Møtedato: 15.01.2007
Saksbehandler: Sverre Skiffell
Saksordfører: *
Behandling i:
1/07 Hovudutval for kompetanse

Hovudutval for kompetanse i møte den 15.01.2007 sak nr. 1/07:

Vedtak i Hovudutval for kompetanse

1. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at fylkeskommunen får ansvaret for å halde elevane med nødvendig trykte og digitale læremidlar.*
2. *Telemark fylkeskommune føreset at meirutgifter med ordninga blir dekte av staten.*
3. *Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å få fram kva gratis vidaregåande opplæring medfører av auka utgifter for fylkeskommunen ut over det som er sagt om gratis læremidlar.*

Behandlinga i Hovudutval for kompetanse

Fylkesrådmannens forslag til vedtak blei samrøystes vedteke

Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen

1. *Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at fylkeskommunen får ansvaret for å halde elevane med nødvendig trykte og digitale læremidlar.*
2. *Telemark fylkeskommune føreset at meirutgifter med ordninga blir dekte av staten.*
3. *Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å få fram kva gratis vidaregåande opplæring medfører av auka utgifter for fylkeskommunen ut over det som er sagt om gratis læremidlar.*

Problemstillinga i få ord

Kunnskapsdepartementet har i brev av 17.11.2006 sendt ut forslag til endring av opplæringslova og friskolelova. Departementet foreslår at opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller lærebedrift er gratis og at fylkeskommunen har ansvaret for å har

ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremidlar samt digitalt utstyr. Forslaget omfattar også vaksne som får vidaregåande opplæring. Vi har på bede om eventuelle fråsegn frå skolane og frå elev- og lærlingombodet. Høyringsfristen er 17.01.2007.

Saksopplysningar

1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet har i brev av 22.11.2006 sendt ut forslag til endringar av opplæringslova og friskolelova. Forslaget inneberer at skoleeigar får ansvar for at elevane får dei nødvendige trykte og digitale læremidlar i vidaregåande opplæring. I Soria Moria- erklæringa var ein av målsettingane gratis læremidlar for elevar i vidaregåande opplæring.

I statsbudsjettet for 2007 er det foreslått å løyve totalt 373 mill kr. til ordninga. Ordninga vil bli innført for elevar på 2.trinn i vidaregåande opplæring i skoleåret 2007/2008 og deretter trappa opp gradvis over 3 år. I skoleåret 2008/2009 vil ordninga omfatta 2. og 3. trinn og i året deretter alle 3. trinna. For 2007 er 287,4 mill kr. er lagd inn i rammetilskottet til fylkeskommunane. Telemark fylkeskommune har fått 10,8 mill kr. til dette føremål for 2007. Vidare er 70,3 mill kr. sett av til eit ikkje behovsprøva stipend som Lånekassa skal forvalta. Stipendordninga omfattar ikkje lærlingar og lærekandidatar.

2. Gjeldande rett

Etter gjeldande rett er vidaregåande opplæring i skole og lærebedrift gratis. Dette betyr at fylkeskommunen ikkje kan krevje at elevar, lærlingar, lærekandidatar eller vaksne betaler for utgifter i samband med opplæringa. Det er likevel gjort unntak for læremidlar til eige bruk som opplæringa gjer det nødvendig å ha. Unntaksreglane gjer at elevane eller den vaksne kan påleggjast å dekkje til dømes lærebøker, kladdebøker, lommekalkulatorar osb. Fylkeskommunane kan også ta betalt for kopiering av undervisningsmateriell. Vi har i møte 01.02.2005, sak nr. 10/05, for hovudutvalet for kompetanse gjeve eit oversyn over dei ulike ordningane med elevbetaling.

3. Forslag til lovending

Kunnskapsdepartementet har foreslått følgjande endring i § 3-1 i opplæringslova:

"Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med nødvendige trykte eller digitale læremidlar samt digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkja nokon del av utgiftene til dette. Fylkeskommunen kan påleggja elevane, lærlingane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter."

Tilsvarande endring er foreslått i opplæringslova § 4A-3 som omfattar opplæring for vaksne.

4. Særleg om pc'ar

Etter nåverande lovgjeving har departementet meint at det ikkje er i strid med lova å påleggja elevane å skaffe seg pc'ar dersom dei totale utgiftene ikkje overstig det elevane elles ville hatt til læremidlar. Etter forslaget legg departementet til grunn at utgifter til berbare pc'ar blir

dekke av skoleeigar. Dette tyder at den noverande ordninga fell bort. Det er ikkje føreset at skoleeigar får plikt til å skaffe berbare pc'ar til alle elevar.

Vi viser elles til fylkestingets vedtak i samband med budsjettforslaget for 2007. Der heiter det mellom anna:

" Fylkestinget forutsetter at investeringa til IT i 2007 og 2008 blant annet skal gå til å etablere trådløse nettverk med driftsløsningar ved alle vidaregåande skoler i Telemark. Målet er at alle elver skal ha tilgang til digitalt arbeidsverktøy. "

5. Om ulike problemstillingar

Departementet har foreslått at opplæringa i offentleg vidaregåande skole er gratis. Det er vidare foreslått at skoleeigar har ansvar for å halde elevane med nødvendige trykte og digitale læremidlar. Vidare er det foreslått eit ikkje behovsprøvd stipend som skal dekkje individuelt utstyr som skal dekkje utgifter elevane har til andre læremidlar og nødvendig individuelt utstyr.

Dersom Stortinget vedtek at offentleg vidaregåande opplæring er gratis kan det lett oppstå utryggleik om kva dette omfattar. Det er derfor naudsynt å definere nærare kva skoleeigar skal dekkje og kva som skal dekkjast gjennom stipendordning. Det vil i ein slik samanheng til dømes lett kunne være tvil om til dømes utgifter til til dømes obligatoriske ekskursjonar skal dekkjast av skoleeigar.

Vi har på grunnlag av høyringsforslaget søkt å rekna nærare ut kva for utgifter fylkeskommunen vil kunne få i samband med ordninga og nokre skolar har også gjeve opplysningar om utgifter i dette. På dette tidspunkt har det synt seg å vere vanskeleg. Desse berekningane frå skolane ligg derfor ikkje ved. Det er foreløpig ikkje er godkjent læreplanar for 2. trinn i Kunnskapsløftet. Dette vil først skje i slutten av januar 2007. Læremidla må byggje på godkjende læreplanar. Det er også usikkert kva som kan dekkjast ved digitale læremidlar. Det kan og vere aktuelt å vurdere innkjøpsordningar for lærebøker som gjer at utgiftene kan reduserast. Vi føreset at statens tilskot på 10,8 mill kr for 2007 til ordninga dekkjer fylkeskommunens utgifter. Vi vil likevel følgje dette nærare framover.

Det har vore antyda ei mogleg stipendordning for elevane frå fylkeskommunen eller eventuelt ei ordning med utlån av lærebøker. Vi vil kome tilbake til korleis ein skal praktisere ordninga seinare.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen viser til utgreiinga ovafor og føreset at statens tilskott til Telemark fylkeskommune i samband med denne ordninga, dekkjer utgiftene med ordninga.

Vedlegg:

Brev av 22.11.2006 med vedlegg frå Kunnskapsdepartementet

Pressemelding av 06.10.2006 frå Kunnskapsdepartementet

Brev av 20.12.2006 frå Notodden vidaregåande skole

Brev av 01.01.2007 frå Elev- og lærlingombodet



Ref.

Telemark Fylkeskommune
v/ Sverre Skifjell
Fylkeshuset
3706 SKIEN

Vår ref.

HEAN

Dato

20.12.2006

HØRINGSUTTALELSE OM ENDRINGER I OPPLÆRINGSLOVEN OG FRISKOLELOVEN, SAMT I FORSKRIFT OM TILDELING AV UNDERVISNINGSSTØTTE

Notodden vgs synes i utg.p. disse lovendringen er gode, men har følgende kommentarer til forslaget i § 16-4 (forskrift om utdanningsstøtte) om at Fylkeskommunen får tildelt midler slik at Fylkeskommunen/skolen har ansvar for at elevene får trykte/digitale læremidler.

Trykte læremidler:

Vi mener at elevene burde få et ikke behovsprøvd stipend som minimum dekker trykte læremidler. Bakgrunnen for dette er at skolen mener ordningen slik den foreslås vil medføre store administrative kostnader knyttet til innkjøp, utlån og inndraging av læremidlene. Vi mener også at ordningen blir lite fleksibel i den forstand at skolen i liten grad kan skifte ut lærebøker etc. Dermed kan vi ikke gi elevene det beste faglig tilbudet til enhver tid. Skolen har også erfaring fra at elever som selv eier og har ansvar for egne læremidler tar bedre vare på disse bl. a med tanke på videre salg.

Fordelen med ordningen er imidlertid at elevene da til enhver tid har læremidlene og ikke kan bruke unnskyldninger knyttet til økonomi for at de ikke har læremidler i undervisningen.

Digitale læremidler:

Hva gjelder digitale læremidler er vi noe mer nyansert. Vi har nå 3 års erfaring med at elevene selv kjøper/leaser bærbare PC-er. Vi synes i utg.p dette er en god ordning, da elevene selv har ansvar for utstyret og derfor tar bedre vare på dette. Bruken av de digitale læremidlene er også særdeles fleksibel ved at alle elevene til enhver tid har tilgang til utstyret – både i undervisningstiden og til hjemmearbeid.

Vi ser imidlertid at dette er en stor kostnad for elevene og at et ikke behovsprøvd stipend som også vil dekke en PC til hver elev antakelig er urealistisk. Vi mener derfor det er bedre at Fylkeskommunen/skolen får tildelt tilstrekkelige midler slik at skolen kan gi et godt og fleksibelt tilbud til opplæring i, og pedagogisk bruk digitale verktøy.

Konklusjon

Skolen mener derfor at det ikke behovsprøvd stipendet bør utvides til å gjelde alle trykte læremidler og annet nødvendig utstyr. Fylkeskommunen/skolen må tildeles tilstrekkelige midler til å gi et godt tilbud til opplæring i, og pedagogisk bruk av digitale verktøy

Med hilsen

Tommy Svarstad
Rektor

Anne Grethe Andersen Hesthag
adm.leder



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Elev- og lærlingombudet

Sverre Skifjell

TELEMARK FYLKESKOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN					
SAKNR.	DOKNR.	ARKIVK.			
096530	5	AKO			
AVD.			SAKSBEH.		
STRAT			SKIS		
PRES.	KASS.	U.OFF.	DATO		
			4/1-07		

Vår ref. Anja Stensrød Thorstensen
Tlf. mobil 40 22 17 74
E-post Anja-s.thorstensen@t-fk.no
Dato 2.1.2007

NOTAT TIL HØRING

Forslag til endring i opplæringsloven og friskoleloven.

Forslag om lovfesting av skoleeiers ansvar for at elevene får de nødvendige trykte og digitale læremidler i videregående opplæring.

Elev- og lærlingombudet mener:

Elev- og lærlingombudet er meget positiv til og støtter forslaget om å lovfeste at skoleeier er ansvarlig for at elevene i videregående opplæring får de nødvendige trykte og digitale læremidler. Dette bygger opp under målet om at opplæringa i offentlig videregående skole eller lærebedrift skal være gratis.

Finansiering

Det som imidlertid bekymrer ombudet, er finansieringen av en slik ordning, særlig med vekt på digitalt utstyr og pc-er. I følge høringsnotatet legges det opp til en todelt ordning. For det første skal fylkeskommunen ha ansvar for at elevene får de nødvendige læremidlene. I tillegg vil elevene få et ikke-behovsprøvd stipend fra Lånekassa som skal dekke utgifter elevene har til andre læremidler og nødvendig utstyr. Utfordringen for fylkeskommunen i forhold til en lovpålagt plikt til å sørge for gratis læremidler for elever i videregående opplæring, er å skaffe nok midler slik at ordningen kan gjennomføres.

Digitalt utstyr

Å kunne bruke digitale verktøy er en av de fem grunnleggende ferdighetene i alle læreplaner for fag. Det forutsettes derfor at skoleeier plikter seg til å ha det digitale utstyret som er nødvendig for at elevene kan nå målene knyttet til digitale ferdigheter i læreplanene. Som departementet påpeker i høringsnotatet, er bærbare pc-er til elevene ingen nødvendig forutsetning for at elevene skal nå de digitale ferdighetene som læreplanene beskriver. Tvert imot kan fylkeskommunen velge å satse på stasjonære pc-er eller annet digitalt utstyr som kan dekke kravene til opplæringen.

Ombudets bekymring knyttet til finansieringen av digitalt utstyr, er at skoleeier av økonomiske grunner heller vil satse på færre stasjonære pc-er som skal brukes av alle, enn at hver elev får egen bærbar pc. Som nevnt over er det ikke lovpålagt at elevene skal ha bærbare pc-er, dette er kun noe enkelte fylkeskommuner har vedtatt på eget initiativ. Derfor vil det også være opp til hver enkelt skoleeier å avgjøre om det skal kjøpes inn bærbare pc-er til elevene. Lovforslaget om gratis læremidler er meget bra, men når det gjelder digitalt utstyr må det ikke føre til at skoleeier


Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Mobil	E-post	Internett
Fylkeshuset 3706 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35 58 42 00 35 58 43 05 (dir.)	40 22 17 74	post@t-fk.no	www.telemark-fk.no

velger en "nest-best" løsning med stasjonære pc-er, istedenfor å gå til innkjøp av bærbare pc-er fordi det ikke er nok midler til å finansiere ordningen fullt ut. Etter ombudets mening er det viktig at elevene har hyppig tilgang til pc-er i sin skolehverdag, nettopp fordi utviklingen i samfunnet går så raskt og kravene til digitale ferdigheter stadig øker. For at elevene skal kunne opparbeide seg gode digitale ferdigheter er de avhengige av god og kontinuerlig opplæring i bruk av pc og annet digitalt utstyr.

Stipend

En ordning med et slikt stipend ser elev- og lærlingombudet som ubetinget positivt, blant annet fordi det kan være med på å jevne ut sosial ulikhet. Det som er viktig for at ordningen skal fungere etter intensjonen er imidlertid at beløpet som utgjør stipendet er stort nok til å dekke de reelle kostnadene elevene har til nødvendig individuelt utstyr.

Med vennlig hilsen



Anja Stensrød Thorstensen

Elev- og lærlingombud i Telemark